

Hatlestrand heildagsskule

Hatlestrand barne- og ungdomsskule er ein fådelt skule med elevar frå bygdene Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Skulen ligg nært til sjø, skog og fjell og har eit fantastisk uteområde med ballbenge, klatretårn, fotballbane, sandvolleyballbane, bane for frisbee golf, bordtennis og mykje meir. Inne har me fleirbrukshall, basseng, kino, og ein godt utstyrt sløydsal utanom ordinære klasserom. Dei gode fasilitetane styrkjer skulen som ein aktiv skule.

Frå hausten 2022, er barneskulen ein pilot på eit heildagsskuleprosjekt. Dette konseptet går ut på at skulen har eit heilskapleg tilbod til elevane i 1.-7. klasse der dei får både undervisning, leksetid, mat og aktivitetar i ein pakke. Tilbodet er heilt gratis for elevar og foreldre.

Organiseringa er slik at skulen opnar kl. 08:00 om morgonen og avsluttar 15:50. Elevane som har skyss kjem til skulen med ferje, buss og drosje til skulen startar om morgonen og reiser heimatt med skuleskyssen på ettermiddagen. Skuledagen elles er som vanleg med undervisning, friminutt og matpause, men ulikt dei fleste andre skular, så får elevane servert eit varmt og sunt måltid kvar dag. Integrert i heildagsskulen er også leksetid med lærar slik at når elevane kjem heim, er dei leksefrie. Eit anna viktig element i heildagsskulen, er aktivitetstida etter ordinær undervisning og leksetid. Då er det eit mangfald av aktivitetar som t.d. kulturskule, kunst, balleikar, friluftsliv og leik.

Heildagsskulen skal også følgje barnehageruta, dvs. at me har ope for elevar i 1.-4. klasse i alle feriar bortsett frå 4 veker om sommaren. I feriane vert det ulike aktivitetar ute og inne gjennom heile dagen.

Har du spørsmål om heildagsskulen, ta kontakt!

Lilli Britt Urheim | *Einingsleiar, Hatlestrand oppvektsområde*

Mobil: +47 924 44 514 | Tlf: 53 46 11 82

www.kvinnherad.kommune.no | 